



Hordaland fylkeskommune

25 JAN 2016

Hordaland Fylkeskommune - Samferdselsavdelinga
postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref.
16/242-3/N - 561.6/JONE

Dykkar ref.

Dato:
22.01.2016


Gang- og sykkelveggar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett- Prøveordning om utbygging etter forenkla standard på Kvamskogen.

Me viser til brev frå Hordaland fylkeskommune datert 21.12.15, der det vert invitert til å delta i ei prøveordning om utbygging av gang- og sykkelveggar etter forenkla standardar. Målesetjinga med arbeidet er å få bygd fleire gang- og sykkelveggar.

Kvam herad ynskjer at planlagt gang- og sykkelveg på Kvamskogen vert vurdert i denne samanheng.

Kvamskogen er eit svært viktig regionalt område på Vestlandet for fritidsbustad og friluftsliv, særleg vinterstid. Køyretida til Bergen er om lag 40 minutt med bil og til regionsenteret Norheimsund er det 10 minutt. Området er bygd ut med kring 2000 fritidsbustader og det er etablert fleire alpinanlegg. Fv. 7 går over Kvamskogen og deler området i to. På store utfersdagar kan det vera opptil 30.000 menneske på Kvamskogen.


Hausten 2011 vart kommunedelplanen for Kvamskogen vedtatt. Planen legg opp til ei nær dobling i talet på fritidsbustader. I samband med dette arbeidet vart det utarbeidd ein trafikkanalyse som konkluderer med at det bør gjerast tiltak for å auka trafikktryggleiken i området. Ut frå dette vart kommunedelplanen, etter krav frå Statens vegvesen, vedtatt med eit rekkjefølgjekrav som seier at det må «gjennomførast ny regulering og opparbeiding av gang- og sykkelveg og planfri kryssing av fylkesveg 7 for mjuke trafikantar før det kan gjennomførast vidare utbyggin.». Kravet gjeld for ei strekning på om lag 2 km sentralt på Kvamskogen. Det er vidare stilt krav om at heile vegstrekninga over Kvamskogen må regulerast med gang- og sykkelveg.



Kartet viser kommunedelplanen for Kvamskogen med bl.a. eksisterande og nye område for fritidsbustader, alpinanlegg og fylkesveg 7.

Dette betyr at all vidare utbygging av fritidsbustader etter nye planar, må leggjast på vent til gang- og sykkelvegen er på plass.

Heradsstyret i Kvam vedtok 17.02.15 ein reguleringsplan for gang- og sykkelvegen og to planfrie kryssingar på strekninga. For å tilfredsstilla gjeldande krav til veg omfattar denne reguleringsplanen òg sanering av avkøyrslar, nye kryssløysingar og breiddeutviding med meir.



Utsnittet viser deler av gjeldande reguleringsplan med bl.a. gang- og sykkelveg, nytt kryss, gangbru og omlegging av bussholdeplass m.m.

Statens vegvesen har gjort berekningar av kva det vil kosta å gjennomføra reguleringsplanen. Deira anslag er at dette vil kosta kring 200 mill kroner. I Kvammapakken, som omfattar bompengefinansierte vegutbetringar i Kvam, er det sett av 10 mill. kroner til trafikktryggingstiltak på Kvamskogen.

Det er ut frå dette eit stort gap mellom det som er krevd opparbeidd av gang- og sykkelveg og det som det er midlar til å gjennomføra. Det har vore gjort forsøk på å finna løysingar på finansieringa. Mellom anna har det vore diskutert eit spleiselag der m.a. dei enkelte utbyggarane i området skal bidra med ein viss sum i samband med gjennomføring av sine prosjekt. Så langt har desse diskusjonane ikkje ført fram. Ein grunn til dette er at det er uklare ansvar- og rollefordelingar mellom kommunen, fylkeskommunen og Statens vegvesen når det skal gjennomførast trafikkikringstiltak kring ein fylkesveg.

Gang- og sykkelvegen er regulert etter Statens vegvesen sine handbøker og vegnormaler. Dette inneber mellom anna ei løysing med 3 meter breidde på gang- og sykkelvegen. Somme stader forutset planen at avkøyrslar må stengjast og då skal gang- og sykkelvegen nyttast som tilkomst til fritidsbustadane. I dei tilfella er gangvegen utvida til 4 meter. Det er lagt opp til at gangvegen må tola tunge køyretøy – noko som forutset omfattande masseutskifting.

Statens vegvesen har lansert at eitt alternativ til å byggja den kostnadskrevjande gang- og sykkelvegen, kan vera å leggja fylkesvegen i tunell og nytta dagens veg som lokal køyreveg kombinert med gang- og sykkelveg.

Me trur at eit like godt alternativ kan vera å sjå på moglegheitene for ei finna ei enklare løysing på gang- og sykkelvegen enn det dei faglege tilrådingane frå Statens vegvesen tilseier.


Kva tilbod som er tilstrekkeleg for å betra trafikktryggleiken for gåande og syklande vil variera frå ein stad til ein annan. Likevel opplever me at vegnormalane stiller dei same og til dels rigide krava når det skal byggjast gang- og sykkelveg. Me trur at meir rom for lokal tilpassing vil føra til meir gjennomførbare prosjekt – og dermed òg at det vert utført fleire trafikksikringstiltak.

Ut frå Kvam herad si vurdering meiner me at Kvamskogen er eit område som er godt eigna til å sjå på løysingar som er tilpassa dei stadeigne forholda. Kvamskogen skil seg frå ein del andre stader der det vert bygd gang- og sykkelvegar ved at bruken er retta mot fritidssegmentet og ikkje opp mot t.d. bustadområde eller for å binda saman ein tettstad. På Kvamskogen er det derfor ein bruk meir prega av utfart i samband med helg/feriar og høgtider heller enn ein dagleg, jamn bruk året gjennom. Også brukarane er truleg meir einsarta i og med at det er folk som skal til- og frå fritidsbustaden sin evt. dagsturistar og skal derfor ikkje på same vis dekkja transportbehovet til born som skal på skulen, fritidsaktivitetar, reiser til og frå arbeid eller eldre som bur langs ein gang- og sykkelveg.

Me håper at løysinga som er initiert av Samferdselsdepartementet kan gje oss den drahjelpa me treng for å skapa ein arena for å diskutera alternative måtar å sikra gåande og syklande på. Kanskje vil ei løysing utfordra gjeldande krav på nokon punkt, kanskje vil rutinar for drift og vedlikehald verta endra, kanskje kan ein annan materialbruk eller byggjemåte gje nokon svar. Dersom vårt prosjekt vert prioritert, vil det gje grunnlag for å samla ulike aktørar som vert berørt av tiltaket med mål om at me saman kan tenkja nytt rundt gamle problemstillingar. Målsetjinga skal framleis vera å gjera det tryggare å ferdast på Kvamskogen for gåande og syklande – men me trur at dette kan gjerast på ein enklare og langt billegare måtar enn dei løysingane som er utarbeidd så langt.

Vonar på positivt svar på søknaden.

Helsing



Jon Nedkvitne

Samfunns- og utviklingssjef

Telefon: 56553021

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.